

Innspel til klage som gjeld ulovlegheitsoppfølging av Vike Camping gbnr. 219/1 Alver kommune.
Saksnr. 21/8772 - 23/39464

I kommunen sitt brev frå 22.06.23 gjer dei underteikna moglegheit til å koma med innspel til klagar Søren Helligsøe sin klage frå 23.05.23. Me vil gjerne knytta nokre kommentarar til dette.

Fyrst av alt vil eg sei at eg er sjokkert over framferda til klagar/eigar. Både fysisk og i alle skriftlege korrespondansar med kommunen. Mot betre vitande kverulerer dei på lovverk og tolkingar av det, som dei med den aller største sannsyn veit betre. Det er trenering, på det beste og ei vekkasting av det offentlege sine ressursar. Harde ord, ja. Men eg kan ikkje sjå det på nokon annan måte.

Når det gjeld klaga som ligg føre no, skil ikkje den seg ut frå tidlegare skriv. To av tinga dei hevdar er at førre eigar slapp unna ulovlegheitsoppfølging, og at klagar ikkje er ansvarleg for ulovlegheitane. Etter min kjennskap, vart eigedomen tvangseld nettopp av kommunen si oppfølging av eigedomen. I følgje tinglyste heftelsar har Alver kommune eit krav på 944.000 mot førre eigar. Viss eg har tolka lovverket riktig, kan no Alver kommune krevje dette beløpet av dei nye eigarane, sidan dei endå ikkje har tinglyst eigedomen sidan tvangssalet. Det er sjølv sagt også mange fleire kreditorar som har krav.

At klagar ikkje er ansvarleg for ulovlegheitane stiller eg meg svært kritisk til. Klagar gjennom sitt selskap Vike camping og marina AS har ei inntekt på rundt 600.000 på drifta av campingplassen. Altså er det han som leigar ut og tener pengar på eigedomen. Det er ingen andre enn klagar som eig noko på eigedomen. VCM AS har tidlegare fått tvangsmulkt retta mot seg, der klagar eg deleigar og dagleg leiar. Han må derfor vere kjent med at tvangsmulkt ville verte retta mot han dersom han ikkje fylgde kommunen sine pålegg. Eg bur like inntil campingplassen og kan sei at det nærmast ikkje er gjort noko som helst for å etterkoma kommunen sine pålegg. Ein kan også utan store utfordringar ta eigar i direkte usannheiter. T.d. vert det sagt at det underetasjen i våningshuset ikkje lenger er i bruk til utleige. Etter min kjennskap bur det eit ektepar der, og det har dei gjort i lengre tid. Eigar og klagar har ikkje vist nokon vilje i det heile til å følgja kommunen sine vedtak, pålegg eller oppfordringar. Ei heller frå statsforvaltar. Dette gjeld denne saka og sak som gjeld konsesjon på eigedomen saksnr 21/6260 og 20/16020 Alver kommune.

Lokalsamfunnet opplever det som kritisk for bygda med slike tilhøve som det no er på eigedomen. Det kan verka makteslaust når eigarane kverulerer, trenerer og ikkje føl lovar og kommunale vedtak. Det einaste som kan gjera ein verknad er tvangsmulkt, og den lyt vera av betydeleg storleik skal det vera hensiksmessig og ha ynskja effekt. Då VCM AS låg an til å få tvangsmulkt sist, var for fyrste gong campingplassen nesten folketom i vinterferien, og det varr attpåtil strålende vær. Då tenkte ein at no omsider virkar det. Men, det tok ei veke så var det tilbake, då det vart sendt ei begjæring om omgjering i kraft av forvaltningslova §35. Som dei hailt klart har anledning til å gjere. Men, når det ikkje innheldt noko nytt eller noko som reelt endrar situasjonen er det berre eit forsøk på trenering og uthaling. Spesielt når røynde advokatar som kan lovverket, brukar det på ein måte det er vanskeleg å tru at dei trur på sjølve.


Verdt å nemna er at me i seinare tid opplever at vegen til nausta våre vert stengd. Vegen ligg på eigedomen 219/1 og me har vegrett der. Eg har fjerna sperringane fleire gongar men dei kjem

oppatt med ein gong. Eg har varsla kommunen nyleg om dette. Det sperrar for vår tilkomst samt ålmenta sin tilgong til sjø. Når det i tillegg er uttalt frå styreleiar i VCM AS og Oster shipping AS Børge Knustad at området skal brukast i samband med avfallsdeponi og djupvasskai på Urdal, vert eg alvorleg bekymra for framtida til bygda og vår eigen framtid på garden vår.

Mogleg eg har vore litt på sida av temaet nokre gongar, men eg vonar ein ikkje tek det ille opp. Eg meiner det er viktig å gje vår framstilling av tilhøva. Me mistar ikkje pågangsmotet, men det er lett å tenkja seg at mange ville gjort det, mot ein slik aktør som dette. Eg vonar både kommune og statsforvaltar vil følgja dette opp på ein gong måte, og i så måte få oppretta lov og orden.

På førehand takk.

Mvh.



Torgeir Andvik

Gbnr. 219/2